



Dåp i særskilde situasjonar

1. Denne ordninga blir brukt ved dåp der dåpskandidaten og/eller familien ikkje har høve til å delta i dåp etter ordningane for «Dåp i hovudgudstenesta» eller «Dåp i eiga gudsteneste».
2. Under ledd 4 | **Skriftlesning**, er det mogleg å berre lese Matt 28, 18-20.

I. SAMLING

1 | **Preludium/Salme**

Her kan det vere inngangsprosesjon.

2 | **Inngangsord**

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

ELLER

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

II. DÅP

3 | **Mottaking**

L | Med takk og glede kjem vi i dag med *NN [namnet blir nemnt]* til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfesta og oppstadne Jesus Kristus.

ELLER

L | Vi kjem i dag med *NN [namnet blir nemnt]* til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Her kan liturgen seie noko om dåpen og/eller det kan syngjast ein dåpssalme.

4 | **Skriftlesing**

Første skriftlesing

Denne skriftlesinga kan falle bort.

L | Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

ML/L | Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. **MARK 10, 13–16**

Ein kan eventuelt lese ein av desse tekstane i staden: Tit 3, 4–7, eller Joh 3, 1–5, eller Rom 6, 3–8

Andre skriftlesing

L | Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåpen:

ML/L | Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28, 18–20**

5 | Fadderansvaret

L | Vil foreldre og fadrar reise seg.

De skal vere vitne om at **NN** [*namnet blir nemnt*] er *døpt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for __, be for __, lære __ sjølv å be og hjelpa __ til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så __ kan leva og veksa i den kristne trua.

6 | Forsakinga og trua

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua som vi blir døypte til.

Alle reiser seg.

A | **Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.**

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal kom att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen. **DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA**

7 | Dåpshandlinga

Ein heller vatn i døypefonten.

L | Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådens kjelde. Send din Ande så ____ som blir *døpt/døypte*, blir *reist/reiste* opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

Dåpsfølgjet går fram til døypefonten.

Anten **A**

L | Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornamnet på barnet.

L | Vil de at *NN* skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

Den som ber barnet, foreldra/dei føresette og fadrar, svarar:

Ja.

Eller **B**

L | Kva heiter du?

Den som skal døypast svarar sjølv ved å seie førenamnet sitt.

Om nødvendig kan ein annan seie namnet.

L | *NN*, vil du bli døpt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og leva i den kristne forsakinga og trua?

Den som skal døypast svarar:

Ja.

Liturgen vender seg mot barnets/dåpskandidatens ansikt og ber bønna med open handflate.

L | Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket + til vitnemål om at du skal høyra til den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tru på han.

L | *NN*, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette blir sagt, auser liturgen med handa rikeleg med vatn over hovudet til den som blir døpt, tre gonger.

Liturgen legg, gjerne saman med fadrane, handa på hovudet til den døypte og seier:

L | Den allmektige Gud har nå gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet.

Fred vere med deg.

Etter dåpshandlinga kan dåpskandidaten presenterast for dei som er til stades, ein kan tenna lys, spela musikk eller anna som høver med situasjonen og lokal praksis.

8 | Bøn og Fadervår

L | Lat oss takka og be.

Anten A

ML/L | Trufaste Gud,
vi takkar deg for dåpen, der du tek imot oss og kallar oss ved namn.
Vi ber for **NN** som er *døpt/døypte* i dag.
Ver med ____ gjennom livet og vara ____ i dåpens nåde.
Styrk foreldra og fadrane i oppgåva dei har fått.

Eller B

ML/L | Trufaste Gud,
vi takkar deg for dåpen, der du tek oss inn i di kyrkje.
Vi ber for **NN** som er *døpt/døypte* i dag.
Hald di vernande hand over ____,
og gje kjærleik og visdom til alle som har ansvar for ____.

Eller C

ML/L | Trufaste Gud,
vi takkar deg for dåpen og for lovnaden om at Jesus er med oss alle våre dagar.
Vi ber for **NN** som er *døpt/døypte* i dag.
Bevar ____ i trua på deg,
så ____ kan vandra i lyset og nå det evige målet i ditt rike.

Eller ei lokalt utforma bøn.

L | Lat oss saman be den bøna Jesus har lært oss:

A | Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt kome. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

9 | Lovprising

L | Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! **1 PET 1,3**

III. SENDING

10 | Velsigninga

L | Ta imot velsigninga.

Her kan ein bruke Den aronittiske velsigninga eller andre velsigningsord som passar situasjonen.

11 | Postludium/Salme

12 | Utsending

Her kan følgje eit utsendingsord.